

Til stede:

- Ståle Eikrem
- John Møgstad
- Sølvi Lundal
- Per A. Ulvestad
- Marie Gjerde
- Steinar Masdal

Forfall:

- Turid K. Gjerde

Sakliste:

53/24 Godkjenne referat frå møtet 01.10.24 og oppsummering av medlemsmøte 22.10.24.

54/24 Referat og skriv

55/ 24 Økonomisk oversikt

56/ Medlemsmøte 19.11.24 John orienterer om møte på Sperre (Ellingsøya)

57/24 Oppfølging av tidlegare vedtak

58/24 Julemøter, Sølvi og Marie orienterer om møte i Spjelkavik og Ulsteinvik, lage invitasjon program?

59/ Ymse

Ad punkt 53**Vedtak:**

Referatet fra styremøte 01.10.2024 godkjent. Oppsummering av medlemsmøte 22.09. er tatt til vitende. Godt fornøgd med oppmøtet og foredraget til Nils Jarle Sætre vart godt motteke.

Ad punkt 54

Ingen saker

Ad punkt 55

Økonomien er under kontroll, Sølvi orienterte om at vi frå postens Bedriftsidrettslag v/John Møgstad har fått ei raus gåve på kr 19700 etter at Bedriftsidrettslaget vart nedlagt.

Vedtak:

Vi tek status økonomi til vitande, og takkar for gåva.

Ad punkt 56

John orientert om at han har vore i kontakt med Sperre på Ellingsøya og vi er velkomne dit på bedriftsbesøk 19.11.24.. John avklarar nærmare om tidpunkt og moglegheiter for møterom/servering.

Vedtak: Når det er avklart sender han info på e-post til resten av styret. Alternativ til bedriftsbesøk hos Sperre er «vanleg» medlemsmøte på Herd huset. Ståle sjekkar med trygg trafikk om dei kan halde eit foredrag om «nullvisjon elder førarar» Joh undersøker også vidare med politiet om temaet svindel mot eldre.

Ad punkt 57

Ingen saker frå førige referat som skal følges opp.

Ad punkt 58

Jule møter, Sølvi har sjekka med Spjelkavik panorama og Marie har sjekka med Cafe Nova i Ulsteinvik og begge plassar er ledige dei foreslegne datoane.

Vedtak

Vi arrangerer 2 jule møter i år i Ulsteinvik Cafe Nova 04.12 24 kl 1800 pris 550 pr pers og Spjelkavik panorama 11.12. 24.kl 1400 pris 750. Loddsal på begge stadane, vi subsidierer medlemmer med kr 300 . Andre betalar full pris. Marie får ansvar for utsending av invitasjon til Cafe Nova og innkjøp av gevinstar og loddsal. Sølvi får ansvar for det same i Spjelkavik panorama.

Ad punkt 59

Det vart diskutert litt kring verving av nye medlemmer, viktig at vi alle tek kontakt med dei vi kjenner og informerer om medlemskap i Postpensjonistforeninga

Møte heva kl 1301

Neste styremøte: 26.11.2024 kl. 12:00/Postterminalen

Ståle Eikrem
Møtereferent